

YTRE BØ

Gnr 55

Tvilling-gardar

Ytre og Indre Bø var tvilling-gardar, men dei fleste i bygda talar om Bø. Likevel er det i historisk tid alltid dreid seg om to heilt avskilte gardar med kvart sitt tun, sin åker og si eng og utmark. Dei ligg liksom med ryggen mot kvarandre. Garden har ei strandlinje på godt tre kilometer, og store deler av garden ligg på ein 10 meter høg morenerygg. Høgaste punktet er Einarsvarden med 19 meter.

Gravhauger

På garden finn ein mange gravhauger. Løndshaug viser i dag og er den største; 22 ½ meter i tverrmål og ei høgd på 4 meter. Her er funne rester etter leirkar og brende bein. I området låg gravhaugane *Store Pighaug* og *Litle Pighaug*, men desse vart øydelagt under bygging av det tyske forsvarsverket. Store Pighaug låg der den store bunkersen ligg i dag.

God gjødsel

Framover på 1770-1800 tallet var Ytre Bø ein av dei beste gardane i bygda. I 1845 var det samla åkerarealet 65 mål. Gjødslinga med tang og tare ga god jord. Tang og tare henta dei i "Tarabrugja" ved stranda. Det var sett opp 2 kverner. Elles var det her den fyrste plogen i Randaberg kom. Den nordre utmarka låg på Børaunen.

Fellesbeite på Børaunen



På Børaunen var det fellesbeite for gardane på Ytre Bø. Etter utskiftinga frå 1838 vart steingardene reiste for å skilje bruka.

Hummarfiske og sildefisket gav i periodar gode inntekter til bruka. I ein periode frå 1825 og fram til 1870 dreiv Svein "Fister" sildesalteri på Børaunen.


I sist krig var heile kysten bandlagt av tyskarane med bunkerar, skytestillingar og løpegraver, og store delar var minelagt. På Einarsvaren, og ytterst ute på Bø, er det store område med rester etter skytestillingar og bunkerar.

Rullesteinsvollen

Børaunen er særprega, og har stor verneverdi både når det gjeld geologi, fugleliv, planteliv og kulturhistorie. Rullesteinsvollen blir rekna som ein av dei største av sitt slag i Nord-Europa.



Bumerker tilhøyrande garden Ytre Bø



**Randaberg
kommune**